




Nedbørfelt – naturtilhøve og arealbruk

Geologien i nedbørfeltet er dominert av valdressparagmitt med eit mindre område med fyllitt og kvartsittskifer mot sørvest. Dette avspeglar også topografien med høgt liggande område og bratt kant på nordsida av vatnet (føldeforkastning). Typisk på nordsida er også sprekkssystem med retning nord – sør (‘skjelltektonikk’). Særleg i høgt liggande område er lausmassedekket sparsamt. Ionefattig vatn med relativt låg PH er forventa råvatnkvalitet ved slike naturtilhøve.

Nedbørfeltet er dominert av snaufjell og anna fastmark (markslag N50):

Skog	Myr	Snaufjell og anna fastmark (da)
3511 da (17.2 %)	1691 da (8.3 %)	15178 da (74.5 %)

Arealbruken er dominert av hytter og landbruksdrift med utgangspunkt i Olestølen. Det er registrert ca. 49 da dyrka mark (DMK) på Olestølen, og ingen av stølane hadde drift med mjølkeproduksjon i 2008. Innafor nedbørfeltet var det i 2008 delar av beitesesongen følgjande beitedyr: vel 200 sau, vel 30 geiter og 10 – 20 hestar.

Det er registrert 48 større bygg i 2008 med slik fordeling:

Sel	Driftsbygg	Hytte	Naust
12	15	15	8

Hydrologiske data

Det er nytta data frå NVE (NVE atlas) for avrenningsdata og avgrensing av nedbørfelt.

Kart over djupna er basert på oppmåling utført av Ø. Slidre kommune september 08 med totalt 8600 målepunkt. Det er utarbeida digital modell som grunnlag for generering av koter med 1 m intervall. Digital modell er også grunnlag for utrekning av volum totalt og volum under 12 m (ca. sprangsjikt).

Sentrale hydrologiske data:

Vassareal km2	Areal nedbørfelt km2	Årleg av - renning mill. m3	Volum mill. m3	Volum > 12 m m3 Totalt	Volum > 12 m m3 Inntak	Gj.snitts djupn m	Teoretisk opphaldstid år
2.3475	20.38	13.790	15.762	1.093	0.719	6.7	1.14

Olevatnet har 11 separate basseng med djupn på over 12 m. Det største bassenget ligg ved vassinntak og har eit volum under 12 m på 0.719 mill m3.

